



Helgesen Tekniske Bygg AS
Reigstadvegen 1
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/147 - 21/57711

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
01.09.2021

Igangsetjingsløyve for resten av tiltaket - gbnr 137/772 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 909/21
Tiltakshavar: Entreprenørparken AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av resterande arbeid knytt til oppføring av verkstadbygning på gbnr 137/772, på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 09.03.2021 og endringsløyve datert 07.06.2021 med vilkår, gjeld for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for resten av tiltaket som er godkjend etablert på eigedomen gbnr 137/772.

Det vart gitt rammeløyve til oppføring av verkstadbygg i vedtak datert 09.03.2021, endra rammeløyve i vedtak datert 07.06.2021 og igangsetjingsløyve for grunn- og terrengarbeidet i vedtak datert 24.06.2021.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 24.08.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.08.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Kommunen vurderer at vilkår i rammeløyvet er oppfylt og at igangsetjingsløyve for resten av tiltaket kan gjevast.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det går fram av gjennomføringsplan versjon 4 datert 23.08.2021.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/147

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Entreprenørparken AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Reigstadvegen 1 5281

VALESTRANDSFOSSE
N